



Sigve Eldøy
Lyngnesvegen 6
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1946 - 17/18820

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
29.09.2017

Godkjenning av søknad om fritak for gjødeselplan på GBNR 51/6 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 265/2017

Saksutgreiing:

Sigve Eldøy søker 15.08.2017 om fritak for gjødeselplan på grunn av ekstensiv drift. Han har 34 vinterfora sauer og nyttar fjellbeite til dei om sommaren. Han kjøper inn om lag 1200 kg med 22-2-12 som vert nytta saman med sauemøk i hovudsak på slåttemarka og 600 kg 18-3-15 som vert nytta på beite og areal som ikkje får møk. På telefon oppgjer han att dette året har han om lag 300 kg fullgjødsel att.

Han har 29 daa fulldyrka, 33 daa overflatedyrka og 60 daa innmarksbeite inkludert leigejord på bruket.

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på jordbruksarealet					Kg Nitro	Kg Fosfol	Kg Kaliu
Kg	Gjødselslag	totalt areal		Kg pr. daa			
600	18-3-15	87	beite	7	6	1,5	4,4
200	22-2-12	20	beite	10	2	0,1	1,2
sum			beite		8	1,6	5,6
	fast sauemøk	30	slåttemark	0,5t/daa	1	1,3	2,5
700	22-2-12	20	slåttemark	35	6,8	0,5	4
Sum			slåttemark		7,8	1,8	6,5

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen og litt i overkant av 50 % av norm når det gjeldt fosfor- og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (4,9 før frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen er i tvil om bruket kan få fritak fordi verdiane av tilført gjødsel ligg i overkant av det som skal til. Det er difor ynskjeleg at det vert tatt jordprøvar for å sjå om det er høge tall for fosfor og kalium. Kommunen gjev fritak for kravet om gjødselplan i eit år på vilkår av at det vert tatt jordprøvar. Desse må takast utanom vekstsesongen, og når resultatet for desse ligg føre vil ein vurdera om det er grunnlag for å gje lenger fritak. Det er viktig at den omdanna sauetallen vert spreidd som husdyrgjødsel på slåtteareala, slik at ein ikkje får avrenning av næringsstoff frå areala.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 1 år fram til 1.11.2018 for gnr. 51, bnr. 6, då bruket er ekstensivt drive. Det er eit vilkår at det vert tatt jordprøvar på arealet etter denne vekstsesongen, og at resultatet at prøvane vert sendt kommunen.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Sigve Eldøy

Lyngnesvegen 6 5917

ROSSLAND